

Årsmelding 2021

VÅGÅ FJELLSTYRE

Vågå fjellstyre forvaltar bruksrettane, dvs. jakt, fangst, fiske, seterbruk og beite i Langmorkje statsallmenning (884 km²) og Nordherad statsallmenning (24 km²) etter fjellova og med tilhøyrande forskrifter.

Fjellstyret

Fjellstyret 2021 med varamedlemmer i parentes:

Pål Grev (Ap), leder	(Sverre Braaten)
Hans Petter Vaberg (Bl), nestleder	(Steinar Aasgaard)
Gunn Berit Aasheim (Ap)	(Rita Danilelsen Benrud)
Steinar Håkenstad (Sp)	(Marius Haugaløkken)
Turid Grimsbø Snerle (Sp)	(Kjersti Aasvang Dalen)

Det har vore fire fjellstyremøte med behandling av til saman 40 saker, av desse 4 saker etter fullmakt (delegert til styreleder/dagleg leder).

Sakene fordeler seg slik på type og antal:

- Referatsaker	4 (96 refererte saker/dok.)
- Administrative saker, diverse val m.m.	0
- Søknader tilskot/utbetaling tilskot/økonomi	6
- Arealplanar og andre planar (høyring)	2
- Om hyttefeste/andre feste (uttale Statskog)	2
- Andre arealdisp. (uttale Statskog/kommunen)	5
- Utvising beiteareal/tilleggsjord	6
- Setersaker (m.a. bygging på seter)	2
- Fiske	1
- Jakt/viltforvaltning	7
- Hundtrening/hundprøver	2
- Anna	3

Styremedlemmer møter på vegne av fjellstyret i ulike samanhengar. Pål Grev er leder i AS Vågåfisk og Steinar Håkenstad er leder i styret for Vågå Sør viltområde. Pga. coronapandemien har diverse møter/samlingar vorte avlyst/utsett eller arrangert på andre måtar dette året. Både årsmøte for fjellstyra i Oppland og generalforsamling Vågåfisk vart avvikla ved utsending av møtedokument på e-post.

Oppsynsordninga/sekretariatet

Sekretariatet for fjellstyret er det fast heilårstilsette fjelloppsynet, dvs. Knut Øyjordet (dagleg leder) og Erik Myrum. Vidar Rugsveen er fast tilsett i 7-8 månader, i perioden ca. 15. april – ca. 1. desember.

Fjellstyret tek på seg ein del tenestesar, m.a. sekretær- og rekneskapsarbeid for Finndalen fjellstyre, dagleg drift av AS Vågåfisk og oppsyn og skjøtselsoppgåver i Jotunheimen nasjonalpark og i dei mindre verneområda i Langmorkje, samt bestandregistrering jerv (for Miljødirektoratet). I tillegg sekretær oppgåver for Vågå Sør viltområde, kortsal og oppsyn med småviltjakta i "Nordherad fellesområde", og adm. av villreinvaldet "Vågå fellesområde".

I 2021 gjennomførte fjellstyret ved fjelloppsynet ein kontroll av alle gjerder rundt seterkveer, dyrkingsparsellar og beiteareal i heile Langmorkje. Dette er eit samarbeid mellom Statskog, kommunen, fjellstyret og Mattilsynet med tanke på å få rydda opp i ein del dårleg gjerdehald. Dette arbeidet tok fleire dagsverk. Statskog skal følgje opp med pålegg om vedlikehald.

Sekretærarbeid og administrasjon tek ein stor del av tida til fjelloppsynet, spesielt i vinterhalvåret. Oppsummering av arbeidstid samla for året, viser denne prosentfordelinga:

- Oppgåver som gjev grunnlag for refusjon 57,8 % (dvs. oppsyn 7,8, skjøtsel 20,9, saksbehandling 8,1 og anna innarbeid 20,9).
- Andre oppgåver 8,6 % (m.a. kortsal 4,0, rekneskap 3,8).
- Verna område 6,5 %.
- Finndalen fjellstyre 5,4 %.
- AS Vågåfisk 19,7 %.
- Andre tenester 2,0 %.

I oppsyn med jakt og fiske blir brukarkontakt vektlagt, der informasjon og tilbakemeldingar frå brukarane er viktig. Spørsmål om løysing av kort skjer for det meste ved stikkontrollar. M.a. vart 92 småviltjegerar og 58 fiskarar kontrollert. Eitt forhold vart meldt til politiet, dvs. ei fiskesak (bruk av garn utanbygds). 10 forhold vart oppgjort "på stedet" (7 fiskesaker, tre saker knytt til laushund).

Arbeidsmiljø, likestilling, ytre miljø m.m.

Som nemnd ovanfor, hadde fjellstyret i 2021 to heilårstilsette og ein fast tilsett på deltid. Samla utgjer dette ca. 2,7 årsverk. Det har ikkje vore skader eller ulykker i løpet av året. Arbeidsmiljøet må seiast å vera tilfredsstillande. Ein kan ikkje sjå at verksemda tilfører forureining til det ytre miljøet. Vedrørande likestilling, blir den kvinnelege representasjonen i styret ivaretatt i kommunen si oppnemning av medlemmer til fjellstyret etter kvart kommuneval.

Fjellstyret har vedteke regelverk for helse, miljø og sikkerheit (HMS). Innhaldet i regelverket blir følgd opp og revidert når det er nødvendig.

Arealplanar, arealforvaltning og grunndisponering

Arealplanar/diverse arealsaker til uttale

Av arealsaker som fjellstyret behandla, kan nemnast:

- Revisjon av reguleringsplan for Hoskelia - høyring.
- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen – høyring.
- Søknad om løyve til oppføring av gapahuk – Sjudalen Fjellgrend velforening.

Andre saker

Av andre saker kan nemnast:

- Reglar for gjerding rundt fritidshytter.
- Søknad om bygging av ny Veolihytte.

Jordbruk

Seter, tilleggsjord og beiteareal

Av seter med mjølkeproduksjon, var det registrert 8 enkeltseter, 1 samdrifts-/fellesseter og ei fellesseter for geit (i Griningsdalen). Det vart vist ut følgjande:

Stein Roger Rostløyken: beiteareal og tilleggsjord ved setra ved Melingen.

Ove Ymbjørgøyen: tilleggsjord ved eksisterande dyrkingsparsell ved Flatningen.

Odd Magne Oden: tilleggsjord ved Siplaus.

Carolin Risheim/Øyvind Holø: beiteareal ved setra i Griningsdalen.

Anne Kristine Perstuen Solbakken: beiteareal ved dyrkingsparsell i Synstlie.

Beite

I beitelaga Nordherad, Baksida, Tessand, Fuglhøe, Hindflye, Russdalen, Besstrondfjellet, Leirungsdalen og Stuttgongkampen er det i dei fleste laga organisert ordning med gjeting kvart år. Fjellstyret gjev tilskot til ordninga etter følgjande retningslinjer (som nyleg vart revidert og gjeld frå 2021):

”For organisert gjeting av husdyr i Langmorkje og Nordherad statsallmenningar, vil fjellstyret frå 2021 og inntil vidare gje 25 % av lønskostnadane i tilskot til beitelaga for utgifter til gjetar, med eit maksimalbeløp på kr. 30.000,- pr. lag. For Nordherad beitelag og Baksida beitelag som også omfattar område med privat grunn, vil fjellstyret gje 12,5 % av kostnadene. Tilskotet vil bli utbetalt når rekneskapet frå beitelaga føreligg, med sum for lønskostnad med gjetar”. Tilskotet vart dette året på kr. 87.006,-.

Av sau og lam vart det i Tessand beiteområde sleppt 1.843 dyr, i området Fuglhøe/Hindflye 841, Russdalen 969, på Besstrondfjellet/Leirungsdalen 835 og i området Stuttgongkampen/Refjellet 1.248 dyr. Det var lite tap forårsaka av freda rovdyr, men det var registrert tap av sau i Russdalen forårsaka av jerv.

Tabellen nedanfor viser talet på husdyr på beite i Sjødalen, Heimfjellet og Nordherad. Tala for Heimfjellet omfattar også areal utanom statsallmenning, dvs. alt areal sør for Otta elv. Tala for Nordherad omfattar heile arealet innan Vågå kommune mellom Vågavatnet og Finna.

Område	Sau og lam	Mjølkeku/ ammeku	Kviger/ kalvar	Geit	Hest
Sjødalen	5.091	144	331	423	0
Heimfjellet	2.747	388	568	67	8
Nordherad	640	86	108	21	2

Fjellstyret leiger ut beite til Vågå Tamrein AS (10-års avtale frå 2014), samt til Lom Tamrein for bruk av området ved Fuglhøe i ti dagar før haustslaktinga.

Setervegar

Det er eige vegstyre for desse vegane: Heimfjellvegen, Djupvikvegen, Veslvassvegen, Valdesetervegen, Slombsetervegen, Nysetervegen, Fuglesetervegen, Sjoli – Sallivegen og Griningsdalsvegen. Fjellstyret fordelte totalt kr. 200.000,- til vegstyra.

Anna

I samarbeid med Statskog, kommunen og Mattilsynet tok fjellstyret v/fjellopsynet på seg kontrollere alle gjerde rundt seterkveer, dyrkingsparsellar og hamningar i Langmorkje. Det vart brukt eit skjema, som vil bli oversendt til Statskog i 2022 for vidare oppfølging.

Jakt

Elg- og hjortejakta

Langmorkje statsallmenning er med i valdet Vågå Sør viltområde, der Ottadalen-Skårsroe grunneigarlag, Sjørdalen viltlag, Strandens jaktforening, Storviksmorkje jaktforening og fjellstyret samarbeider om felles bestandsplan for forvaltning av elg, hjort og rådyr (samarbeid sidan 1993).

2021 var tredje og siste året i treårsavtaler med jaktlaga. I Langmorkje vart det tildelt 49 elgar og 12 hjortar, og felt 46 elgar og 7 hjortar. Totalt vart det felt 62 elgar og 44 hjortar i Vågå Sør viltområde. I Nordherad fellesområde der Nordherad statsallmenning er innlemma, vart det felt tre elgar og 15 hjortar. Tabellen nedanfor viser tildelt elgkvoter og avskyting dei ti siste åra (i Langmorkje).

År	Kvot	Felt	Kalv hann	Kalv ho	1 ½ år hann	1 ½ år ho	Eldre hann	Eldre ho
2012	35	30	2	6	7	4	9	2
2013	38	36	10	2	7	7	7	3
2014	41	39	9	3	6	3	12	6
2015	42	42	6	7	3	9	11	6
2016	38	34	7	4	5	4	10	4
2017	46	43	7	9	6	6	9	6
2018	45	41	5	3	8	7	12	6
2019	48	46	3	4	10	4	13	12
2020	49	47	5	5	7	3	15	12
2021	49	46	7	1	12	1	18	16

Det vart frå 2019 opna for hjortejakt i Jotunheimen nasjonalpark. Frå 2021 vart feltet delt i to og med lag frå Vågå på Vågåsida og lag frå Lom på Lomssida. Båe laga hadde ei kvote på eitt dyr (fri bukk), det vart ikkje felt dyr.

Villreinjakta

Nordherad statsallmenning fekk tildelt 7 kort, og det vart felt 5 dyr. I Vågå fellesområde, som omfattar alle jaktfelte i Vågå, vart det felt 25 av 34 dyr og i Finndalen statsallmenning 61 av 84 dyr.

Rådyrjakta

Rådyrjakta i Langmorkje skjer i tre jaktfelt, og i 2021 vart det tildelt 36 kort (eitt av desse gavepremie). Korta blir tildelt ved loddtrekning (55 søkjarar). 15 av korta vart tildelt som bukkejakt med jakttid 10. august til 24. september og eventuelt fram til jul dersom dyret ikkje blir felt i bukkejakta. Det vart felt 6 dyr (12 dyr i 2020, 9 i 2019, 10 i 2018, 14 i 2017, 7 i 2016). Tilbakemelding frå jegerane er at rådyrbestanden er på middels nivå.

I Nordherad statsallmenning inngår rådyrjakta som ein del av samarbeidsavtala om jakt i Nordherad fellesområde. Det er Nordherad grunneigarlag som administrerer elg-, hjorte- og rådyrjakta. Det vart felt 5 dyr (9 kort).

Småviltjakta

Med grunnlag i taksering før jakta, jaktrapportar, direktekontakt med jegerar og observasjonar gjort av fjelloppsynet og andre, var bestanden både av fjellrype og lirype dårleg. «Alle» meinte at dette året kom til å bli eit bra rypeår. Det var bra med stamfugl og vær-/føreforholda vart vurdert til å vera ideelle både før, under og etter klekking. Men det motsatte skjedde, og etter kvart som jakta pågjekk, var det klare tilbakemeldingar frå jegerane om at det var lite med rype. Før jakta vart det vedteke ei dagskvote på 1 rype. Med bakgrunn i den dårlege produksjonen vedtok fjellstyret å frede rypa frå 30. september og ut sesongen.

2021 var også fyrste året med regulering av talet på utanbygds jegerar utan hund. Det vart vedteke å opne for maks. 125 jegerar i tre 5-dagersperiodar i tida 15.-29. september, dvs. totalt 375 kort. Søknad, trekking og sal av desse korta skjedde med bruk av Inatur. Sjølv om rypa vart freda frå 30. september, heldt det frie kortsalet fram for jakt på andre artar. Det bra med hare denne hausten.

Kortsalet

Tabellane nedanfor syner utviklinga i talet på selde jaktkort siste 10 åra.

Innanbygds utan hund

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2012	18	2	1	20	41
2013	18	3	3	41	65
2014	11	4	1	47	63
2015	11	6	1	27	45
2016	12	3	2	37	54
2017	15	5	1	49	70
2018	7	1	3	45	56
2019	5	2		33	40
2020	7	4		33	57
2021	7			43	50

Utanbygds utan hund. Tala i parentes er talet på kort selde etter nyttår

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2012	399 (24)	207 (23)	38 (3)	57 (1)	701 (51)
2013	581 (24)	220 (16)	20 (2)	70 (0)	891 (42)
2014	702 (24)	240 (18)	45 (2)	85 (1)	1072 (45)
2015	772 (32)	152 (19)	51 (1)	84 (0)	1009 (52)
2016	596 (24)	251 (13)	38 (1)	93 (0)	978 (38)
2017	736 (48)	228 (11)	55 (5)	80 (0)	1099 (64)
2018	1032 (58)	350 (10)	80 (3)	128 (3)	1590 (74)
2019	915 (53)	310 (14)	60 (1)	122 (0)	1407 (68)
2020	1084 (42)	371 (21)	74 (4)	153 (1)	1682 (68)
2021	253 (99)	51 (21)	9 (0)	27 (1)	340 (121)

I regulert periode 15.-29. september vart det totalt seld 372 kort (av 375).

Innanbygds med hund (gjeld både med fuglehund og harehund)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2012	3			41	44
2013	5			40	45
2014	4			55	59
2015	4	1		46	51
2016	8	3	1	53	65
2017		2		49	51
2018	2	1	1	56	60
2019	5	3		49	57
2020	3	2		56	61
2021	8	1		33	42

Utanbygds med harehund (fritt kortsal tida 18.10 – 23.12)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Periode	Samla
2012	7	7	14	18	46
2013	17	7	7	31	62
2014	13	3	13	19	48
2015	4	7	14	18	43
2016	5	2	10	14	31
2017	5	4	6	29	44
2018	7	6	14	22	49
2019	7	11	6	28	52
2020	9	9	10	22	50
2021	12	4	17	21	54

For Nordherad fellesområde vart det samla seld 28 kort til utanbygds og 10 kort til innanbygds. Her vart ikkje rypa freda, og det vart fastsett ei dagskvote på 2 ryper.

For rypejakt med hund for utanbygds er tilbodet 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09, fordelt på tre jaktfelt og med tilbod om jakt i tre år ved fyrste gongs uttrekking. Det var i alt 139 søknader som omfattar 247 personar.

2001 var fyrste året med tilbod om gratis jaktkort (og fiskekort) til barn og ungdom i Vågå til og med fylte 19 år. Det vart løyst 6 slike jaktkort i 2021. I perioden 2001 – 2021 har talet variert frå 3 til 17 kort.

Jaktrapportar

Det er innkome 51 rapportar frå dei 74 utanbygds (69 %) som jakta med fuglehund i regulert periode (ti fyrste dagane). Dei har felt 28 liryper og 3 orrfuglar (0,8 ryper per jeger), og jakta ca. 3,1 dagar kvar. Frå utanbygds utan hund i regulert periode (15 fyrste dagane) er det innkome 347 rapportar, dvs. 94 %. 43 jegerar har ikkje jakta, 185 har ikkje felt vilt. Totalt er det felt 72 liryper, 102 fjellryper, 13 orrfugl, 6 storfugl og 11 harar (0,6 ryper pr. jeger). Frå utanbygds utan hund etter 30. september (fritt kortsal, rypa freda) er det innlevert 179 rapportar (83 %). Desse har felt totalt 8 orrfuglar, 4 storfuglar og 11 harar.

Frå innanbygds med kort utan hund, er det innlevert 31 rapportar, dei fleste var sesongkort (63 %), og blant dei som jakta med fuglehund 21 rapportar (58 % blant dei med sesongkort). Totalt er det felt 17 liryper, 4 fjellryper, 11 orrfuglar og 7 storfuglar.

Blant utanbygds med harehund fyrste veka (11.-17. oktober) er det innlevert 19 rapportar (59 %), og det vart felt totalt 17 harar. Frå utanbygds som har løyst kort etter den 18. oktober er det innkome 46 rapportar (89 %). Desse rapportane viser ei felling på totalt 58 harar.

Av andre artar er det felt følgjande i Langmorkje: 28 revar, 5 mårar, 1 røyskatt, 7 kråkefuglar og 13 ender. Dette er samla for alle jegerar, inkludert det som er innrapportert felt/fanga i Langmorkje gjennom småroviltprosjektet/skotpremieordninga.

Trening av jakthundar

Frå 2009 vart tilbodet om trening av fuglehundar utvida frå området i Hoskelie (perioden 21.08-14.09) til også å gjelde i perioden februar-mars i heile Langmorkje statsallmenning, men med unntak av den delen av Jotunheimen nasjonalpark som ligg i Langmorkje. Tabellen nedanfor syner utviklinga i talet på selde treningskort (dvs. utanbygds med fuglehund).

År	1-døgn	Sesong	Samla
2012	63	12	75
2013	92	12	104
2014	110	18	128
2015	108	17	125
2016	99	35	134
2017	80	44	124
2018	99	40	139
2019	103	51	154
2020	133	69	203
2021	149	57	206

Blant innanbygds som løyser gratiskort for hundtrening, er det løyst 7 kort for bruk av fuglehund, 7 kort for harehund og 15 dagskort for trening med elghund.

Jaktprøver, terreng for trening/kurs

Det vart gjeve løyve til bruk av terreng for følgjande prøver m.m. i 2021:

- Gudbrandsdal fuglehundklubb, jaktprøve 27. og 28. mars (avlyst) og 4. og 5. september.
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, treningssamling 23. og 24. oktober.
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, klubbmesterskap ein dag i februar/mars eller i sept/okt.
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, apportprøve 1. august.
- Vestoppland harehundklubb, jaktprøve 9. og 10. oktober.

Jotunfjell Fjordane elghundklubb har løyve (på bestemte vilkår) til å disponere Langmorkje statsallmenning for å arrangere m.a. jaktprøver for laushund og bandhund, ferskspor- og blodsporprøver. Det vart arrangert 26 band-/laushundprøver, samt ein del ferskspor- og blodsporprøver. Av arrangement kan nemnast grunnkurs ettersøk i Randsverk 28.-29. mai (31 deltakarar), vidaregåande ettersøkskurs i Randsverk 6. juni (9 deltakarar) og bandhundkurs 2.-3. juli (19 deltakarar).

Fjellstyret vedtok frå 2015 å utvide tilbodet om trening av elghund for innanbygds etter at elgjakta er avslutta og fram til jul. Fordi det ennå kan foregå elgjakt, føreforholda kan variere osv, er val av område og tidsrom for slik trening delegert til dagleg leder. Det var ikkje stor pågang for slik trening (ca. 3 stk) sjølv om føreforholda utover hausten generelt var gode.

Viltstell

Frå 2014 vart det innført eit eige kort for jakt på smårovvilt for heile kommunen. Dei aller fleste private grunneigarlag er med på ordninga, med gratis jaktkort (for innanbygds) for jakt/fangst på raudrev, mår, mink, røyskatt, grevling, kråke, ravn, skjære og nøtteskrike. Utanbygds betaler kr. 100,- for eit slikt kort (sal på Inatur). Det er skotpremie for enkelte av artane, med poengbørs og konkurranse om flest mogleg poeng i ei junior- og ei seniorklasse (opplegg berre for innanbygds). Personar i Vågå JFF tek ansvar for registrering, medan fjellstyret tek ansvar for å administrere skotpremieopplegget, poengbørs og informasjon på heimesida.

PS! Tala nedanfor er frå 2020. Tala for 2021 vil bli lagt inn seinare når vi har full oversikt. Det var 35 innanbygds som løyste smårovviltkort (33 i 2019, 48 i 2018, 40 i 2017, 40 i 2016, 47 i 2015 og 57 i 2014) og 16 utanbygds. Alexander Skogum vann seniorklassa, Sigurd Øien vart nr. 2 og Kim Tomas Bakken nr. 3 (totalt 10 som har registrert felt smårovvilt). Ingen i juniorklassa har levert felt smårovvilt. Totalt vart det felt og for Langmorkje i parentes: raudrev: 31 (13), mår: 2 (2), mink: 4 (4), røyskatt: 3 (3), grevling: 1 (1), kråke: 53 (10), ravn: 3 (0), skjære: 104 (0) og nøtteskrike: 3 (0). Det vart utbetalt totalt kr. 16.750,- i skotpremie, av dette kr. 7.400,- frå fjellstyret.

I samband med smårovvilt-prosjektet sette fjellstyret opp ein ”røvs-glugg” ved Storviksetra. Det vart inngått ei avtale med eigaren av setra om bruk av strøm. Gluggen vart populær, særleg i starten, og det vart felt fire revar både fyrste og andre året, to i 2017, tre i 2018 og to både i 2019, 2020 og 2021.

Generelt om faunaen elles

I bestandsregistreringa av jerv (oppdrag for Miljødirektoratet/SNO), vart det registrert spor etter jerv i Sjødalsområdet utpå seinvinteren. Det vart levert nokre møkkprøver, som viste seg å vere frå ein hann og ei tisper. Med bakgrunn i andre tilbakemeldingar i tillegg vart aktiviteten litt større i vinter samanlikna med dei siste vintrane. Det var ikkje registrert hekking av jaktfalk dette året. Kongeørn blir jamleg observert. Smågnagarbestanden var ikkje stor.

Fiske

På Gjende var kvaliteten på fisken betydeleg betre enn dei to førre åra, men innslaget av større fisk er ennå liten. Dei to «magre» åra 2019 og 2020 har nok forårsaka ein del naturleg avgang blant dei større fiskane i bestanden. I stamfiskinga i november var det nesten ikkje gytemoden hofisk å få. Stongfiskinga på Gjendeosen gav dårleg resultat også dette året. Gjendeflugu var heilt fråværande, noko som naturlegvis bekymrar fiskarane. På dei andre vatna var fiske på det jamne. Det er fin og stor fisk på fleire av dei større vatna, som Øvre og Nedre Sjudalsvatnet, Nedre Leirungen, Bessvatnet, Lemonsjøen og Flatningen. Det er også gledeleg at enkelte oppsøker dei meir avsidesliggjande vatna/tjønnene, og i somme av desse blir det tatt stor fisk både på stong og oter.

Fiskereglar

Garnreglane vart på nytt endra på Gjende ved at kvar fiskar kan fiske med fritt antal garn på 35 mm eller større, men må ha med minst to garn på 29 mm eller mindre. I tillegg til desse to garna kan kvar nytte tre garn på 29 mm eller mindre i tillegg, dvs. at kvar fiskar kan nytte maks. 5 garn på 29 mm eller mindre.

Kortsalet

Tabellane nedanfor syner talet på selde fiskekort dei siste 10 åra.

Innanbygds (stong, oter og faststående reiskap)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Gratis kort	Samla
2012	59	13	8	197	133	22	432
2013	40	17	5	171	134	20	387
2014	65	13	8	171	144	18	419
2015	40	6	7	157	155	22	387
2016	32	10	6	119	146	7	320
2017	37	6	7	109	153	14	326
2018	30	9	10	148	136	12	345
2019	29	13	5	136	145	20	348
2020	34	20	7	139	143	20	363
2021	33	17	10	124	154	13	351

Gratis kortet gjeld barn og ungdom i Vågå under 20 år. Familie kort gjeld berre sesong kort.

Stongfiske

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2012	1133	287	102	214	318	2054
2013	1140	270	82	212	330	2034
2014	992	241	82	211	267	1793
2015	910	201	85	172	281	1649
2016	1176	261	83	156	322	1998
2017	1045	244	95	150	328	1862
2018	1093	221	78	131	348	1871
2019	1032	222	57	137	313	1761
2020	1272	195	86	145	432	2130
2021	1080	173	68	132	357	1810

”Familie” gjeld samla for 1-døgns kort, 3-døgns kort, vekes kort og sesong kort.

Stong-/oter-/garnfiske utanbygds

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2012	42	30	14	50	27	163
2013	36	15	9	46	32	138
2014	36	27	6	50	38	157
2015	51	28	14	95	33	221
2016	53	25	12	93	48	231
2017	55	39	21	97	52	264
2018	52	27	10	89	52	230
2019	34	32	11	79	48	204
2020	83	57	19	97	62	318
2021	50	27	17	87	53	234

Familiekort gjeld berre for sesongkort.

Prøvefiske

Det vart gjennomført prøvefiske på Gjende.

Utsettingar/fiskestell

Det vart sett ut fisk i følgjande vatn:

Lemonsjøen	5.000 (2-somrig/2-årig)
Flatningen	2.000 (2-somrig/2-årig)
Kvitingen	500 (2-årig)
Bessvatnet	1.000 (2-årig)
Danntjønn	100 (2-årig)
Butjønn	100 (2-årig)
Hosketjønn	200 (2-årig)

Fangst av goløye med ruser skjedde på Nedre Leirungen (med hjelp av Jon Jeilen) og på Surtningen. Tabellen viser fangst i liter frå 2005, og med talet på ruser i parentes.

VATN	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Surtningen	49 (10)	53 (10)	70 (10)	44 (10)	52 (10)	61 (10)	32 (10)	44 (10)	35 (10)
Melingen	181 (20)	98 (10)	73 (11)	84 (18)	35 (5)				
Birisjøen		90 (10)	49 (8)						
N. Leirungen	63 (8)	59 (8)	63 (10)	76 (10)	65 (10)	50 (10)	52 (9)	52 (10)	58 (10)
Sum	293 (38)	300 (38)	255 (39)	204 (38)	152 (25)	111 (20)	84 (19)	96 (20)	93 (20)

VATN	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	
Surtningen	73 (10)	47 (10)	45 (10)	51 (10)	38 (10)	41 (10)	46 (10)	48 (10)	
N. Leirungen	63 (8)	42 (8)	60 (8)	49 (10)	52 (10)	48 (10)	58 (10)	89 (10)	
Melingen		96 (10)	181 (10)	187 (20)	209 (20)	179 (20)	111 (20)		
Sum	136 (18)	185 (28)	286 (28)	287 (40)	299 (40)	268 (40)	215 (40)	137 (20)	

Stamfiske

Det vart stamfiska ei natt på Lemonsjøen (ca. 5 liter rogn) og to netter på Gjendeosen (ca. 0,1 liter rogn). I tillegg er det lagt inn ca. 10 liter rogn av Vinsternstamme i fiskeanlegget.

Andre tiltak

Tabellen nedanfor viser oversikt over utleige av båtar til utanbygds (1-døgn) og utlån av båtar til innanbygds (1-døgn), samt totalt leige/utlån dei siste fem åra (inkl. bruk av dei som kjøper sesongkort). I 2021 vart det seld 7 sesongkort til utanbygds, og samla nytta desse båten på Veslvatnet i 12 døgn, Slomtjønn i 8 døgn, Birisjøen i 3 døgn, Brurskarstjønn i 1 døgn og Nedre Leirungen i 1 døgn.

Vatn	Innanb.	Utanb.	2021	2020	2019	2018	2017
Veslvatnet	3	9	24	30	29	27	24
Kvitingen	1		1	9	6	5	8
Surtningen	5	4	9	24	19	9	22
Melingen	1		1	1	1	5	12
Slomtjønn	3	20	31	46	41	39	33
Birisjøen	5	8	16	19	28	11	9
N. Birisjøtjønn		2	2	9	2	4	3
Griningsdalsvatn	10	1	11	11	10	7	19
Brurskarstjønn		3	4	2	5	5	2
Øvre Leirungen		1	1	4	3	13	4
Nedre Leirungen	6	17	24	24	12	21	18

Fjellstyrehyttene

Tabellen viser oversikt over talet på utleigedøgn for dei ulike fjellstyrehyttene sidan 2013. Frå 2015 vart Inatur nytta for sal av overnatting for Vargebue, Forsthytta og bue ved Nedre Leirungen, samt Vågåbue og Gjendeosbue frå 2021.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Bessvassbue	26	31	42	47	45	38	38	41	35
Gjendeosbue	54	63	31	48	34	52	32	21	27
Vågåbue	51	59	59	54	34	39	24	25	26
Bu N.Leirungen	4	7	23	55	12	16	26	131	138
Vargebue	35	38	94	128	112	130	143	108	136
Forsthytta		8	77	100	105	100	102	105	131

Rekneskap

I 2021 var inntektene på kr. 5.020.273 og utgiftene på kr. 6.109.476. Dette gjev eit underskot på kr. 1.089.204. Detaljar om rekneskapen og økonomien elles i fjellkassa går fram av rekneskapet. Tabellane nedanfor gjev ei oversikt over viktige rekneskapstal siste åra. Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av fjellstyret si verksemd. Styret stadfestar at føresetnad for framleis drift er til stades.

Oversikt over dei største inntektene 2015 – 2021, i 1000 kr

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Fiskekort	426	537	545	541	517	592	539
Småviltjakt	468	523	564	781	694	868	663
Storviltjakt	507	436	475	528	613	598	575
Festeavgift	920	925	1.026	1.137	1.170	1.231	1.319
Refusjon oppsyn m.m.	359	363	362	366	368	369	545
Beiteleige	236	257	282	283	285	291	303
Tenestesar arbeid verna omr.	100	90	100	173	170	170	160
Sal av andre tenester	430	468	399	461	590	463	509
Utleige hytter	108	136	135	163	165	254	223
Renteinntekter	105	66	51	86	91	98	57

Oversikt over dei største utgiftene 2015 – 2021, i 1000 kr

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Samla kostnad tilsette	1.821	1.963	2.025	2.158	2.343	2.342	2.488
Godtgjersle fjellstyret	38	60	62	77	67	71	59
Kontorhald, forsikring mm.	307	385	378	417	408	423	492
Settefisk	110	188	142	156	156	180	156
Provisjon kortsal/hyttesal	125	150	156	184	176	211	169
Drift hyttene og Steinholet	102	151	116	96	147	273	303
Tilskot næringsformål	387	317	340	423	455	395	595
Tilskot allmenntilrette formål	58	80	64	26	55	30	95

Rekneskapstal frå dei siste ti åra

År	Inntekter	Utgifter	Over/underskot	Eigenkapital
2012	3.455.710	3.486.090	- 30.380	7.316.212
2013	3.714.405	3.219.018	495.387	7.811.598
2014	3.672.188	3.803.852	- 131.664	7.688.499
2015	3.861.223	3.410.387	450.836	8.156.936
2016	3.921.418	3.542.793	378.623	8.538.002
2017	4.025.171	3.551.118	474.053	9.012.053
2018	4.675.359	3.818.002	857.355	9.402.489
2019	4.831.253	4.062.952	768.299	9.986.829
2020	5.043.604	4.159.235	884.369	10.903.958
2021	5.020.273	6.109.476	- 1.089.204	9.608.456

Eigenkapital omfattar sum eigenkapital minus gjeld.

Av tilskot til næringstiltak gav fjellstyret:

- kr. 200.000,- til vegstyra, til vedlikehald setervegar.
- kr. 87.006,- til beitelaga, utgifter med gjeting (jf. retningsliner for tilskot).
- kr. 80.000,- til Vågåfjell turløyper, skiløypepreparering og rydding av trasear.
- kr. 50.000,- til NINA, til prosjekt «Elgen i Oppland» (elgmerkeprosjektet).
- kr. 5.000,- til Odd Ymbjørgøyen, brøyting vegen i Bøneslie til Flatningen.
- kr. 173.031,- til reiselivsbedrifter i Langmorkje, tilskot pga. inntektstap corona-pandemi.

Av tilskot til allmennyttige tiltak gav fjellstyret:

- kr. 8.000,- til Heidalskogen skianlegg, skiløypepreparering i omr. Melingen-Bøneslia.
- kr. 18.000,- til Jegerprøvekurset, kostnad kurs for ungdom i Vågå under 20 år.
- kr. 15.000,- til Tarandus, registrering fangstgroper rein og elg.
- kr. 50.000,- til Vågå kommune/NINA, prosjekt «Gjendeflugu».
- kr. 4.998,- til Vågå kommune, busstransport 7. klasse til besøk fiskeanlegget.

Vågå fjellstyre, mars 2022

Pål Grev
leder

Hans Petter Vaberg
nestleder

Gunn Berit Aasheim
medlem

Turid Grimsbø Snerle
medlem

Steinar Håkenstad
medlem

Knut Øyjordet
dagleg leder